



Møtebok 28.10.2025

Tidspunkt: Tysdag 28. oktober 2025, kl. 17:00 – 18:30

Stad: Teams

Desse møtte: Jarle Rasmussen, Per Helge Sekse, Britha Sandal, Anette Torvund, Jonas Aakre

Andre til stades: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Saker til styremøtet:

24/25: Høyringsuttale lokal motorferdsel forskrift Ullensvang kommune

25/25: Høyringsuttale Felles sti og løypeplan Hardangervidda

26/25: Høyringsuttale tiltaksplan Hardangervidda

27/25: Eventuelt

Jarle Rasmussen

Leiar

Eirik V. Dørheim

Sekretær/fjelloppsyn



24/25: Høyringsuttale lokal motorferdsel forskrift Ullensvang kommune

Saksdokument:

- 2025.10.27-434.-Ullensvang fjellstyre-Høyringsuttale lokal forskrift motorferdsel Ullensvang kommune
- 2025.09.17-434.-Ullensvang kommune-Forslag til kommunal forskrift om motorferdsel i Ullensvang kommune 2024
- 2025.09.17-434.-Ullensvang kommune-Høyring av ny forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre kom med ei oppmoding i 2022 til Ullensvang kommune om at lokal forskrift for motorferdsel på vassdrag og i utmark måtte reviderast.

Kommunestyre behandla saka om ny forskift hausten 2024.

Fjellstyre hadde oppe saka til handsaming med innspel til ei eventuell høyring, i sak 32/24 i november 2024.

Ullensvang kommune har no ute forslag til ny lokal forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag på høyring med høyringsfrist 31.10.

Sakshandsamar har utarbeida eit utkast til uttale som er vedlagt i saka, etter innspel frå fjellstyre sist saka vart handsama. Eit viktig moment i saka som fjellstyre må ta stilling til er korleis ein skal stille seg til å tillate bruk av påhengsmotor på båtar i vatn heilt ned til 0,4 km².

Fjellstyre må vedta ein uttale med eventuelle endringar.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom saka og forslaget til høyringsinnspelet.

Fjellstyre støttar kommunen sitt forslag til endring av §2 og §3 i forskrifta, som omfattar bruk av motorbåt på vatn over 0,4 km².

Vidare gjennomgang av saka og forslaget til høyringsinnspelet.

Einigheit om å inkludere forslag om å ha med fjellstyrehytter, DNT hytter og stolar/stølsbol som landingsplassar i §4.

Innspel om å ta med i høyringsinnspelet at kommunen må kontakte Hardangervidda grunneigarskipnad og fjellstyra om kva stolar/stølsbol som burde nemnast i forskrifta.

Einigheit om dette.

**Vedtak (sak 24/25):**

Fjellstyre vedtek høyringsinnspelet med dei endringane som framkjem i referatet.

Samrøystes.

25/25: Høyringsuttale Felles sti og løypeplan Hardangervidda**Saksdokument:**

- 2025.10.27.-012.1.-Ullensvang fjellstyre-Høyringsuttale sti og løypeplan Hardangervidda
- 2025.10.16.-612.3.-Ullensvang kommune-Fellesforslag Sti- og løypeplan

Saksutgreiing:

Sakshandsamar har tidlegare orientert fjellstyre om arbeidet med høyringsuttalen og uttalen som vart vedtatt av Ullensvang kommunestyre 20.10.2025. Uttalen er godt formulert og dekker i stor grad dei problemstillingane som omfattar Ullensvang statsallmenning.

Sakshandsamar ser det som hensiktsmessig at Ullensvang fjellstyre støtter opp om uttalen til Ullensvang kommunestyre, med eventuelle eigne innspel i eiga uttale, sjå vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av saken ved sekretær.

Innspel frå styremedlem om å ta med i uttalen å fråråde forslaget om nyetablering av turisthytter på eggane mellom Valldalen og Lofthus. Desse områda har dei siste åra vorte mykje nytta av villreinen, noko som visar igjen i fellingane i desse områda.

Vidare kom det innspel om å ta med «speilvendingsprinsippet» som eksempel i dokumentet i avsnitt sju, der ein beskriv at eventuelle tiltak som vert innført må gjerast i tett dialog med grunneigar og fjellstyra.

Einigheit i fjellstyre om dei forelsatte endringane i høyringsinnspelet

Vedtak (sak 24/25):

Fjellstyre vedtek høyringsinnspelet til felles sti- og løypeplan for Hardangervidda med endringar som vist til i referatet.

Samrøystes.



26/25: Høyringsuttale tiltaksplan Hardangervidda

Saksdokument:

- 2025.10.08-612.3-TUV-Felles uttale til tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde

Saksutgreiing:

Sakshandsamar viser til vedlagt utkast til høyringsuttale, som er utarbeidd av fleire ulike aktørar på Vestvidda, inkludert leiar og sekretær i fjellstyre.

Sakshandsamar meiner at dette er ein grundig uttale, og dersom den blir vedteken av dei same aktørane, vil den vere svært sterk. Det er difor viktig å understreke at det bør gjerast minst mogleg endringar i uttalen.

FH (samanslutninga av dei seks fjellstyra på Hardangervidda) utarbeider også eit felles høyringssvar. Fjellstyre er blitt orientert om dette arbeidet og har fått høve til å komme med innspel.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev si tilslutning til høyringsutkastet utarbeida av arbeidsgruppa samansett av ordførarar, fjellstyreleiarar, representantar for Hardangervidda grunneigarskipnad og Tilsynsutvalet for kommunane Ullensvang, Eidfjord og Ulvik.

Referat:

Leiar gjekk gjennom saka og prosessen rundt arbeidet med fellesuttalen for Hardangervidda Vest. Dei ulike partane som var involvert i prosessen har vedtatt fellesuttalen.

Innspel frå styremedlem om at fjellstyre burde støtte uttalen slik den ligg føre.

Innspel frå leiar om at dersom det er nye moment som burde belysast, så kan fjellstyre ta dette med i eit eige høyringsinnspel.

Leiar gjekk gjennom forslag om å ta med innspel rundt tiltak 15 del C i eige høyringsinnspel. Forslaget går ut på å innføre nattefredning frå 19:00 til 07:00 som eit pliktig tiltak for gi reinen meir fred i jakta.

Fjellstyre var samde om dette.

Innspel frå styremedlem om å foreslå å vidareføre den restrktive tilgangen til GPS – posisjonar i Dyreposisjonar.no, samt halde fram med kortare jakttid (20. august – rundt 20. september) slik det har vore praktisert dei siste åra. Dette gir reinen betre tid til å få ro i brunsten og få meir ro til å beite før vinteren.

Diskusjon rundt dette. Einigheit i fjellstyre om å ta med dette som innspel i eiga høyringsuttale.

Diskusjon rundt helikoptertransporten i forbindelse med næring og jakt slik den blir praktisert i dag. Einigheit om at helikopterselskapa burde samordne og organisere fykinga betre.



Forslag frå styremedlem om at fjellstyre burde sette «byttedagen» for leige av fjellstyrehyttene om sommaren og hausten til fredagar, framfor laurdagar. Dette for å kunne samkøyre transporten med turisthyttene som ofte flyr på fredagar.

Sekretær foreslår å utarbeide høyringsinnspel frå Ullensvang fjellstyre med forslaga som vart diskutert i møte, og sende til fjellstyre for gjennomlesning. Einigheit i styre om dette.

Innspel til eiga høyringsuttale frå fjellstyre oppsummert:

- Innføring av pliktig nattefredning i villreinjakta.
- Halde fram med kortare jakttid, frå 20 august til rundt 20. september, slik det har vore praktisert dei siste åra.
- Fjerne tilgangen for allmennheita til GPS-posisjonane i Dyrepossisjonar.no
- Helikopterselskapa som driv kommersiell fyking på Hardangervidda må samordne og betre logistikken for fyking, for å redusere fyking som kunne vore unngått.

Vedtak (sak 26/25):

Fjellstyret gjev si tilslutning til høyringsutkastet utarbeida av arbeidsgruppa samansett av ordførarar, fjellstyreleiarar, representantar for Hardangervidda grunneigarskipnad og Tilsynsutvalet for kommunane Ullensvang, Eidfjord og Ulvik.

Sekretær utarbeidar ei eiga uttale med dei innspela som vart tatt opp i møte og som blir vist til i referatet. Sekretær sender til fjellstyre for gjennomlesing.

Samrøystes.

27/25: Eventuelt

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Kostnadsdeling med Røldal fjellstyre for buss til Rauland i forbindelse med møte om tiltaksplanen for Hardangervidda:

Leiar i Røldal fjellstyre har tatt kontakt vedrørande kostnadsdeling av bussutgifter for transport av lokale bruksberettiga i Ullensvang og Røldal til møte om tiltaksplanen for Hardangervidda på Rauland. Bussen kosta totalt 8960 kr.

Kostanden blir då 4480 kr på kvar av fjellstyra.

I tillegg gjekk dei enda ein buss frå Lofthus som Ullensvang kommune har betalt for i sin heilheit.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom forespørselen frå leiaren i Røldal fjellstyre.

Ullensvang fjellstyre er samde om at ein vil bidra med å betale halvparten av buss-kostnaden.

Dette er eit viktig initiativ som fjellstyre ynskjer å bidra til.

Vedtak (sak 27/25):

Ullensvang fjellstyre bidrar med 4480 kr i kostnadsfordelinga med Røldal fjellstyre for buss til Rauland for møte om tiltaksplanen på Hardangervidda.

Samrøystes.

Ullensvang kommune

Ullensvang fjellstyre

Kinsarvik 29.10.2025

Høyringsuttale – ny forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune

Ullensvang fjellstyre er generelt positiv til ei oppdatert forskrift som legg til rette for praktisk bruk, tryggleik og forutsigbar forvaltning – samstundes som ein tek vare på natur- og friluftsinteresser. Fjellstyre støttar dei meir generelle formuleringane som «luftfartøy», som då ikkje avgrensar det til sjøfly. Fjellstyret meiner at motorferdsel i utmark må regulerast på ein måte som både tek omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og som gjer det mogleg å drive nødvendig forvaltnings-messig, landbruksrelatert og haustingsbasert aktivitet.

Ferdsel på vatn med motorbåt §2 og §3

Ullensvang fjellstyre støttar §2 og §3 i forskrifta slik det framkjem i forslaget til Ullensvang kommune.

Luftfartøy §4

I store delar av statsallmenningane i Ullensvang er tilkomst utfordrande, og motorisert ferdsel i form av lufttransport er ofte det einaste praktiske alternativet.

Ullensvang fjellstyre har fleire fjellstyrehytter som vert nytta i samband med jakt, fiske, tilsyn og forvaltningsarbeid. I tillegg er det ein god del private sanke-beite/jakt/fiske buer i statsallmenningen. For hyttene/buene er det viktig å ha høve til landing og start med helikopter for transport av utstyr, vedlikehaldsmateriell, jakt og fiskeutbyte og i enkelte tilfelle persontransport knytt til drift og tilsyn.

Vi ber difor om at landing og start med luftfartøy vert tillate ved fjellstyrehyttene Ullsbu, Belebu, Raudåna, Bjørnavassbu, Persbu, Holmavassbu og Langavassbu. i Ullensvang statsallmenning, samt DNT sine hytter etter same prinsipp som gjeld for andre etablerte landingsplassar omtala i §4 i forskriftsforslaget.

Fjellstyret ønskjer òg at stølane/stølsbola i statsallmenningen vert inkludert som område der landing med helikopter kan tillatast. Mange av desse stølane er framleis i aktiv bruk og vert nytta i samband med jakt, fiske og beitetilsyn. Helikoptertransport er i desse tilfella ofte naudsynt. Vi føreslår difor at §4 i forskrifta vert supplert med eit nytt avsnitt som beskriv dette, med namngjevne stølar/stølsbol. Ullensvang fjellstyre oppmodar Ullensvang kommune til å kontakte Hardangervidda grunneigarskipnad og Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre for å avklare kva hytter og stølar/stølsbol som burde nemnast i forskrifta.

Ullensvang fjellstyre støttar behovet for ei oppdatert kommunal forskrift for motorferdsel, men ber om at forskrifta vert justert slik at den tek høgde for dei særskilde behova brukarane av Ullensvang statsallmenning har, samt det behovet fjellstyret har i forvaltinga av statsallmenningen. Særleg gjeld dette høve til landing ved fjellstyrehytter, DNT hytter og stolar/stølsbol.

Med helsing

Ullensvang fjellstyre

Jarle Rasmussen /s/

Leiar

Eirik V. Dørheim /s/

Fjelloppsyn/sekretær



Buskerud fylkeskommune

Ullensvang fjellstyre

Kinsarvik 29.10.2025

Høyringsuttale frå Ullensvang fjellstyre til Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda

Ullensvang fjellstyre takkar for høvet til å komme med innspel til Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda. Fjellstyret støttar heilskapleg opp om høyringsuttalen til Ullensvang kommune, slik det vart vedteke av Ullensvang kommunestyre.

Ullensvang fjellstyret ser på det som positivt at det er lagt vekt på å redusere menneskeleg ferdsel i dei områda som er viktigast for villreinen.

Fjellstyret er samstundes opptekne av at dei lokale bruksrettane og allmenningsbruk og at tilgangen til jakt, fiske og annan næringsverksemd vert godt ivaretekne gjennom planen.

Jakt og fiske er en del av norsk kulturarv, spesielt gjennom allmeningsbruk og tradisjonene knyttet til ressursutnyttelse i utmarka/statsallmeningene. Dette inkluderer både praktiske aktiviteter som beite, bær-, sopp- jakt og fiske, samt immaterielle verdier som kunnskap og tradisjoner knyttet til disse aktivitetene. For å ta vare på disse aspektene som kulturminner, kan ein ikkje rasera realistisk utøving av desse aktivitetane.

Ullensvang fjellstyre støttar fullt ut det overordna målet i planen om å redusere negativ påverknad på villreinen og bidra til ein meir berekraftig forvaltning av Hardangervidda. Fjellstyret er samd i at planen er eit godt utgangspunkt for å ivareta villreinen sine leveområde samtidig som det skal leggjast til rette for friluftsliv og forvaltning av naturressursane.

Det er viktig for Ullensvang fjellstyre at dei lokale bruksrettane for fjellbygdene vert godt ivaretekne. Fjellstyret er særleg opptekne av at det ikkje vert innført restriksjonar som påverkar den tradisjonelle bruken av fjellområda i vår kommune, inkludert jakt, fiske, beitebruk og tilkomst til hytter og stolar.

Fjellstyret støttar forslaget i Ullensvang kommune sin uttale om at det ikkje vert innført fritidsfiskeforbod langs Kvennavassdraget. Dette er ein viktig del av den lokale tradisjonen for fiske, og eventuelle restriksjonar kan ha stor negativ effekt på både tradisjonell hausting av fiskeressursane, og kvaliteten på fisken i vatna og vassdraga.

Vidare vil fjellstyret understreke viktigheita av at eventuelle tiltak som vert innførte, som til dømes telteforbodssoner eller speilvendingsprinsipp, vert gjort i tett dialog med grunneigarar og fjellstyra. Dette vil sikre at lokale interesser og rettigheter vert tatt på alvor.

Ullensvang fjellstyre ynskjer å påpeike viktigheita av å ha tilstrekkeleg tilrettelegging for motorisert ferdsel i utmark i dei områda der det er naudsynt. Fjellstyret har ansvar for fleire



hytter som ligg langt frå veg og vatn, og det er difor avgjerande at motorferdsel kan brukast på ein kontrollert og forsvarleg måte, utan å forstyrre villreinen sine viktigaste områder.

Tiltak for motorferdsel må vere utforma slik at dei ikkje er til hinder for dei nødvendige bruksrettane som jakt, fiske og beitebruk og at dette vert godt samordna med den vidare implementeringa av planen.

Ullensvang fjellstyre støttar forslaget om at eventuelle tiltak som vert sett i verk skal vere gjenstand for evaluering etter fem år. Dette gir ei viktig moglegheit for å vurdere om tiltaka har hatt ynskja effekt, og om det er behov for justeringar eller ytterlegare tiltak.

Det er også viktig at dei relevante tiltaka vert sett i samanheng med konsekvensutgreiingar for ferdseksbruk, slik at eventuelle nye restriksjonar på ferdsel vert vurderte nøye, spesielt i periodar som er viktig for villreinen sin ro og kalving.

Eitt av hovudmåla i planen er å verne dei urørte områda som villreinen brukar i dag, slik at ferdsel og forstyrringar ikkje aukar eller reduserer kvaliteten på leveområda.

Forslaget om å etablere nye hytter mellom Valldalen og Lofthus kan difor ikkje godtakast. I dei seinare åra har desse områda vore viktige beiteområde for villrein om sommaren, og dei vert òg nytta under kalvinga. Dette ser ein igjen i fellingane frå desse områda. Eit stort tal dyr er felt i det same området der det no vert foreslått å auke turisttrafikken betydeleg.

Ullensvang fjellstyre støttar Ullensvang kommunestyre si uttale til Felles sti- og løypeplan. Fjellstyret vil påpeike at det er viktig å ivareta dei lokale bruksrettane og sikre at eventuelle tiltak vert gjennomførte i nært samarbeid med grunneigarar og fjellstyre.

Med helsing

Ullensvang fjellstyre

Jarle Rasmussen /s/

Leiar

Eirik V. Dørheim /s/

Fjelloppsyn/sekretær

Klima- og miljødepartementet

Ullensvang fjellstyre

5780 Kinsarvik

Org. Nr: 975 691 225

Kinsarvik 29.10.2025

Høyringsinspel til «tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda»

Ullensvang fjellstyre viser til høyring av Tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda og til det felles høyringssvaret som er utarbeidd for Hardangervidda Vest av kommunane Eidfjord, Ullensvang og Ulvik, fjellstyra i Ullensvang, Røldal og Eidfjord, Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda, samt to representantar frå Hardangervidda Grunneigarskipnad avd vest(«1 representant fra HG Eidfjord» og «1 representant fra HG Ullensvang»)

Fjellstyret stiller seg bak dette felles høyringssvaret i sin heilskap.

I tillegg ønskjer Ullensvang fjellstyre å kome med følgjande merknadar og innspel til lokale og arealspesifikke forhold som er særleg relevante for Ullensvang statsallmenning og Hardangervidda Vest:

Innføring av pliktig nattefredning i villreinjakta

Ullensvang fjellstyre vil gjerne leggje til ei viktig merknad knytt til Tiltak 15: Betydelig redusert helikopterbruk, Del C: Avslutte helikoptertransport av villreinslakt og jegere under villreinjakt i Hardangervidda Nasjonalpark.

Jakt er ei av dei mest forstyrrande aktivitetane for viltet. For å få ein effektiv jakt er jegerane i stor grad avhengig av helikoptertransport. I den grad det å avslutte helikopterbruk under villreinjakt vil ha effekt, vil det vere ein konsekvens av at det er færre jegere i felt. Eit alternativ som bør vurderast i staden for dette tiltaket er å innføre pliktig nattefredning (19:00 - 07:00) på heile Hardangervidda. Dette vil gi dyra reell ro frå forstyrning i delar av døgnet.

Fjellstyret foreslår eit rammeverk for nattefredning som kan gjelde heile Hardangervidda. I dag er det stort sett statsallmenningane som har innført nattefredning under jakta.

Rammeverket bør ha opning for utvida nattefredning, slik at det eventuelt kan gjelde frå 17:00-08:00, dersom nokon måtte ønske dette.

Dette tiltaket vil gi villreinen den roen dei treng, samtidig som det tek hensyn til den tradisjonelle jakta og forvaltninga av villreinstammen.



Evaluerer jaktidsrammer

Fjellstyret meiner at den noverande, kortare jakttida frå 20. august til om lag 20. september har fungert godt dei siste åra, både for villreinen og for jegerane. Ordninga har gitt reinen betre høve til å roe seg før brunsten, og har redusert forstyrringar i ei sårbar tid på året. Ullensvang fjellstyre tilrår difor at ein evaluerer jaktidsrammene og at dette blir tatt med i tiltaksplanen.

Restriktiv tilgang til GPS-posisjonar

Fjellstyret støttar at tilgangen til GPS-posisjonane frå Dyreposisjonar.no framleis skal vere sterkt avgrensa. Slik informasjon bør ikkje vere tilgjengeleg for allmennheita, då dette kan føre til auka press på villreinen og uheldig bruk av informasjonen. Særleg reinen som beitar i vest går ofte her heile sommaren og utover hausten. Sjølv med tilgang til GPS posisjonane med 14 dagers forseinking, som har vore praktisert tidlegare, vil dette være «røpande» for kvar desse flokkane held seg. Begrensa tilgang er eit nødvendig verkemiddel for å verne om reinen si ro og tryggleik i leveområda.

Helikoptertransport og samordning av flyging

Ullensvang fjellstyre meiner at helikopterselskapa må samordne og planleggje flyginga betre, slik at talet på turar vert redusert og flygingar vert samla i tid og rom der det er mogleg. Betre logistikk og samarbeid mellom aktørane vil vere eit effektivt tiltak for å redusere unødvendig forstyrring.

Ullensvang fjellstyre vil understreke at tiltaksplanen for villreinen på Hardangervidda er eit viktig steg i arbeidet med å sikre berekraftig forvaltning av villreinstamma og leveområda deira. Fjellstyret støttar hovudlinjene i det felles høyringssvaret frå Hardangervidda Vest, og meiner at dei ekstra tiltaka som er nemnde ovanfor vil vere eit positivt og konkret bidrag til å redusere forstyrringar og sikre ei god forvaltning både av jakt, friluftsliv og villreinen sine interesser.

Med helsing

Ullensvang fjellstyre

Jarle Rasmussen /s/

Leiar

Eirik V. Dørheim /s/

Fjelloppsyn/sekretær